SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
AVD./SEK.: VSS S.BEH.: TVW
16 SEPT. 2008
S.NR.: 06/197-49
ARKIVKODE: 340.0 AVSKREVET:

YRKESTRAFIKK FORBUNDET

*Brugata 19, 0186 OSLO*
*Postboks 9175, 0134 OSLO*
*Telefon: 40 60 37 00*
*Telefaks: 21 01 38 51*
*E-post: post@ytf.no*
*Bankgiro: 1602 47 96594*

DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT
PB 8010 Dep
0030 OSLO

15. september 2008

| Deres ref.: | Vår ref.: | Sak nr.: |
|---|---|---|
| 06/197- ALJ | hbg.a:328-001.brv | 328/08 |

**HØRING – TILSETTE SINE RETTER VED BRUK AV KONKURRANSE I KOLLEKTIVTRANSPORTSEKTOREN MV**

Yrkestrafikkforbundet (YTF) er eit forbund som organiserer tilsette i bedrifter som utfører transport av personar og gods. YTF har ca 10.600 medlemmer pr i dag. De fleste av disse er yrkessjåførar på tyngre kjøretøy. YTF er tilslutta Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

Yrkestrafikkforbundet er godt fornøgd med at forslaget om endring i yrkestransportlova og jernbanelova no blir teken opp, og ser fremimot ei lovendring. Det er med stor tilfredsheit vi nå ser at regjering og departement fremmer endringane på nytt.

Verksemdoverdraging ved byte av operatør ved å vinne en anbodsrunde, er av stor betyding for de tilsette. Det er i svært få bransjar at de tilsette må søkje på sine eigne jobbar, når byte av operatør skjer grunna anbodstap for eksisterande operatør. Anbodsprinsipp i kollektivtrafikken er ikkje den same som i produksjonsbedrifter. Busselskapa har ofte ein stor oppdragsgivar, eksempel: fylkeskommune. Når ruteproduksjon til eit selskap blir satt ut på anbod, er det kanskje store delar av bedrifta. Ved anbodstap misser dei tilsette sine

arbeidsplassar. Dette skjer ikkje i produksjonsbedrifter, der bedrifta har mange andre kundar.

YTF meiner dette er til en stor fordel for de tilsette i kollektivtransportsektoren. Dette har vi hevda sida anbodsprinsippet ble innført. Vi er av den oppfatning at konkurranse var det i bransjen frå før og. Konkurranse mellom busselskapa, i tillegg til: privatbil, drosje og tog. YTF meinar fortsett innføringa av anbodsprinsipp i kollektivtrafikken ikkje er til det betre for kundane, de reisande. Dette har derimot styrka seg når vi ser på resultata og erfaringa frå anbodsrundar.

1 Tilsette sine retter ved bruk av konkurranse i kollektivtransportsektoren.

YTF er av den formaning at AML kapitel 16, med unntak av § 16-1, skal gjelde for anisette i transportselskapa som må skifte arbeidsgivar etter at ny operatør har vunne anbodet på det rutenettet som han vært anbodsutsett. Ofte tar den nye operatøren over stasjoneringsstader/kontorlokale over frå den førre operatøren. Det skjer og at den nye operatøren må teke over bussar frå førre operatør, fordi den nye operatør ikkje har tilgjengelig nok bussmateriell. Allereie nå er man langt på vei til å kunne betrakte anbodsvinning som verksemdsoverdrag, sett med dagens lovtekst.

**Heimel for innhenting og kunngjering av informasjon.**

YTF ønskjer ikkje utlevering av personopplysningar. Dette må bli fortrolig mellom arbeidstakar og arbeidsgivar. Oppdragsgivar kan ikkje krevje det utlevert av operatøren. Personopplysningar må holdast konfidensielle.

**Vurdering av oppheving av gjeldande regler - lovregulering av forskriftsheimel om sosial dumping.**

Forslaget om at ordninga skal gjelde for alle tilsette er vi helt einige om. Dette er helt på sin plass og i riktig retning av likebehandling og kampen mot sosial dumping.

2. Einskilde endringar i yrkestransportlova

Med den endringa som departementet no beskriv, er vi langt meir einige om lovforslaget. YTF går innfor og opne for å heve aldersgrensa til 75 år på kjøresetel. Dette som følgjer av årleg søking om ny kjøresetel etter fylte 70 år.

Vi voner nå det blir fortgang i dette arbeid, slik at det ikkje går slik som i 1997.

Med vennlig helsing
YRKESTRAFIKKFORBUNDET

Jack Nielsen (sign)
Forbundsleiar